



Rektor Marie Elisabeth jobbar med leseprosjektet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rektor Marie Elisabeth Kaldestad ved Uskedalen skule arbeider vidare med leseprosjektet og har no søkt om 50.000 kroner i FoU-midlar frå Nynorsksenteret. Prosjektet skal auka leselyst og leseglede for elevar på mellomtrinnet, med vekt på litteratur for gutar.

Tittelen på prosjektet er 'Ikkje berre jenter, men gutar og'

Rektor Kaldestad summerar det opp slik:

* Halda motivasjonsseminar for 5.-7-trinnet i samarbeid med

folkebiblioteket.

- * Opplesing frå eigne bøker
- * Besøk på folkebiblioteket, elevane lånar bøker
- * Oppgradering av biblioteket med nynorsk-bøker for mellomtrinnet.
- * Leggja sæleg til rette for gutar, spennings- og faglitteratur.
- * Lettlesne bøker for aldersgruppa.
- * Lesing, minst 20 minutt kvar dag.
- * La elevane anmelda bøkene dei har lese, både skriftleg og munnleg.

Kaldestad ynskjer å kjøpa inn nynoske bøker for dei aktuelle klassestega med vekt på bøker for gutar.

Til motivasjonsseminar på skulen kjem bibliotekar, les og reklamerar for nye og gamle bøker som dei har på skulen.

Budsjettet er ført opp med 35.000 til bok-kjøpet, 5.000 til innbinding av eigne bøker, 8.000 til reisa til biblioteket og 2.000 som honorar til bibliotekaren.

Prosjektet skal avviklast mellom 10. oktober og 30. november i år.

Av Ola Matti Mathisen